



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
16/146984-3

Dykkar referanse:
15/4127 -
16/25999

Vår dato:
31.10.2016

Merknader til reguleringsplan for Alver næringsområde – Lindås kommune

Vi viser til framlegg til reguleringsplan for Alver næringsområde, sendt på offentlig ettersyn 22.09.2016.

Hovudføremål med reguleringsplanen er å utvide den eksisterande næringsverksemda i området, og få ein meir effektiv arealbruk. Ein vil også betra vegtilhøva innanfor planområdet og tilkomsten frå fv. 565. Det er knytt rekkefølgekrav til utbetring av tilkomstvegen, Alvervegen, inn til planområdet.

Trafikkvurdering

Ved varsel om oppstart bad Statens vegvesen om at det vart gjort ei trafikkanalyse som viser venta trafikkauke til næringsområdet. Vidare føresette vi at det vart vurdert tiltak i krysset med fylkesveg 565 Alverflaten.

I planomtalens kapittel 6.10 Veg og trafikktilhøve har ein omtalt ulukkessituasjonen og trafikktilhøva i området i dag. I dette kapittelet vert det òg gjort ei enkel vurdering av trafikkutviklinga, der ein argumenterer for at reguleringa venteleg ikkje gir trafikkauke, då ein regulerer for den verksemda som er på staden i dag. Samstundes skriv ein at ved reguleringsplan ønskjer ein å gjere området meir fleksibelt, og å gje grunneigarane moglegheita for i framtida å etablere noko nytt.

Etter vårt syn må ein leggje potensiell trafikkvekst til grunn for trafikkvurderinga i reguleringsplanen, ikkje dagens verksemd. Vi ber difor om at ein utarbeidar ei ny trafikkanalyse, og at tiltak i kryss med Alverflaten vert vurdert på bakgrunn av dette. Dette krysset er ulukkesråka i dag, og det er ikkje rom for auka bruk av krysset utan avbøtande tiltak. Vi viser her til ROS-analysen som er utarbeidd, som viser uakseptabel risiko for trafikkfare.

Om forretning/kontor/service

I føresegn 3.1.7 vert det tillate med inntil 10% forretning/kontor/service. Etter vårt syn er det ikkje ønskjeleg med denne type publikumsretta verksemd i dette området, då det gir ei ytterlegare trafikkbelastning i området. Vi ber difor om at denne føresegna vert fjerna.

Rekkefølgekrav

Statens vegvesen er positiv til at det vert sett rekkefølgekrav om vegopprusting og fortau i Alvervegen i føresegn 2.3.2. Det er gjort framlegg om eit unntak frå rekkefølgekravet:

«Tiltak som til saman genererer meir enn 10 nye parkeringsplassar innanfor planområdet kan etablerast før tilkomst frå Alvervegen skal vere ferdig opparbeidd.»

Etter vårt syn er det ikkje ønskjeleg å tillate tiltak som genererer meir trafikk før tilkomsten vert opparbeidd. Auka bruk vil gi redusert trafikktryggleik i området. Vi ber difor om at unntaket vert fjerna frå føresegna.

Ny vegtilkomst

Statens vegvesen vil vere positiv til ei eventuell vegtilkopling til næringsområde Galteråsen, jf. føresegn 4.4.3.

Statens vegvesen Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN